

## **Arkivorganisering**

Lindås kommune er eitt organ jfr. Forskrift om offentlege arkiv § 1-1.

Arkivtenesta i Lindås kommune er organisert med eit felles postmottak og sentralarkiv for ulike tenesteområder i kommunen, og er lokalisert på dokumentcenteret i Knarvik.

Lindås kommune har eit felles elektronisk saksarkiv for alle tenesteområde som er knytt til Web-sak Fokus.

Lindås kommune har fullelektronisk arkiv for følgjande arkivdelar:

- Sak, personal, møte, GBNR, landbruk, plansaker, startlån, kemner, avtalar, barnehagearkiv, elevarkiv, vaksenopplæring (logopedtenesta mm), innfording, brann og miljøretta helsevern,

Fagarkiv for PPT, NAV, sosial, flyktning, barneverntenesta og kulturskulen er papirbaserte sjølv om det vert brukt ulike fagsystem i sakshandsaminga og til arkivering. Desse fagsistema er p.t ikkje godkjente for fullelektronisk arkivering og skal etter gjeldande regelverk sjåast på som papirarkiv.

Flyktningtenesta er organisert under NAV og er organisert med eige postmottak i NAV. Arkivet er arkivert i papir i eige omslag i klientarkivet. Flyktningtenesta nyttar fagprogrammet Visma Flyktning i tenesta og vart frå juli 2018 fullelektronisk då fagprogrammet vart kopla til VSA - Visma Samhandling Arkiv, som er godkjente arkivkjerne for Visma sine fagprogram. (Ein arkivdel pr. fagområde)

Vaksenopplæring og PPT skal etter planen gå over til fullelektronisk arkivering i VSA pr august/september 2018.

Helse og omsorg nyttar fagprogrammet Profil, og har vært fullelektronisk siden 2013. (VSA)

Sampro er verktøy for tverrfagleg samhandling og utarbeiding av IP (Individuell Plan - helse og omsorg) og IOP (Individuell Opplæringsplan - skule). Sampro vart i juni 2018 kopla til Visma sin arkivkjerne for Sampro, som ligg i "skyen." IP og IOP har kvar sin arkivdel i arkivkjernen. Samhandling, samtykke, planar, dokument og meldingar vert arkivert i arkivkjernen, men andre dokument som vedtak på tildelt IP/IOP er journalført i h.h.v helse og omsorg eller skule sitt fagprogram.

Arkivleiari og systemansvarleg på kvart område skal kvalitetssikre det fullelektronisk arkivet etter reglar for fullelektronisk arkiv. Tenesteområda med papirarkiv skal kvalitetssikre både arkivet i det elektroniske fagsystemet og papirarkivet, etter gjeldande lover og forskrifter.